

**PLAN FOR HELSESTASJON**  
**Svangerskap, sped- og småbarn**

**ÅRDAL KOMMUNE**



2024 – 2027

# INNHALD

## Innhold

INNHALD.....	2
INNLEIING .....	3
ORIENTERING .....	5
ORGANISERING.....	5
MÅLGRUPPE .....	5
KVALITETSMÅL.....	5
LOVGRUNNLAG .....	6
FORSKRIFTER .....	6
FAGLEGE RETNINGSLINJER, VEILEDARAR M.M.....	7
INNHALD I PLANEN .....	7
OVERSIKT OVER TILRÅDDE KONTROLLAR HJÅ JORDMOR .....	8
RUTINAR FOR KONTROLL I SVANGERSKAPET .....	8
OVERSIKT OVER FASTE KONTROLLAR PÅ HELSESTASJONEN .....	10
FASTE BROSJYRER/ INFORMASJON TIL UTDELING PÅ HELSESTASJON .....	11
RETTLEIAR FOR HELSESTASJONSPROGRAMMET FOR BORN 0-6 ÅR.....	12
HOVUDMÅL VED HELSESTASJONSBESØK .....	16
DELMÅL VED ALLE KONTROLLAR PÅ HELSESTASJONEN .....	17
TVERRFAGELEG SAMARBEID .....	18

## INNLEIING

I tråd med gjeldande lovverk skal kommunen ha plan for sine helsetenester. Helsestasjon og skulehelsetenesta er deltenester som skal ha sine egne planar i ein samla plan for helsetenestene. Behovet for førebyggjande og helsefremjande arbeid er stort. Det var opphavleg retta mot spedbarnsdød, tuberkulose og andre infeksjonssjukdomar. Underernæring og dårlege hygieniske tilhøve skapte tidlegare store vanskar i befolkninga. Med betre levekår og medisinske framsteg har folkehelseproblema endra seg. Det er i dag større behov for miljø- og åtferdsretta tenester frå helsestasjonen.

«Plan for helsestasjon, Svangerskap, sped- og småbarn» har fokus på helsestasjonen sine tenester og utfordringar, og skal sikra ei målretta og forsvarleg helseteneste.

Helsestasjonen tek utgangspunkt i eit holistisk menneskesyn. Det vil seia at alle menneske må bli sett i ein heilskap samansett av fysiske, psykiske, sosiale og åndelege komponentar. Alle menneske er likeverdige, uavhengig av alder, kjønn, nasjonalitet, tru eller seksuell legning. For helsestasjonen er det grunnleggjande å fokusera på brukaren sine ressursar og meistringskompetanse.

Helsestasjonen skal vera ein aktiv pådrivar for å styrkja det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i Årdal kommune. Helsestasjonen har gravide, barn/unge 0 – 20 år og deira føresette som målgruppe. Det vert utført kontrollar i svangerskap, sped- og småbarnskontrollar, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. I tillegg har helsestasjonen i Årdal arbeid med reisevaksinering, influensavaksinering, smittevern, høyrselekskontrollar og krisearbeid.

Det er i dag tilsett jordmor, helsesjukepleiarar, konstituerte helsesjukepleiarar og helsestasjonslege på helsestasjonen. Helsestasjonslege er medisinsk fagleg ansvarleg for helsestasjonen saman med kommuneoverlege. Den enkelte lege, helsesjukepleiar og jordmor har det faglege ansvar for sine respektive fagområde. Barnefysioterapeut samarbeider tett med helsestasjonen.

Helsestasjonen samarbeider mykje med barnehagar, skular, barnevern, PPT, tannhelse, fysio- og ergoterapi, psykisk helsevern, BUP, NAV, bu- og miljøtenesta og politi.

Me ser at det er endring i utfordringane på helsestasjonen. Kortare liggetid på fødeavdeling utfordrar kommunehelsetenesta til tidleg kontakt for å støtta opp under vanskar med fødselsoppleving/ barseltid, amming og tilknytning mellom barn og foreldre. Økonomi, jobb, språk, media, relasjonar og krav i samfunnet utfordrar foreldrerolla. Desse utfordringane i samfunnet gjer lågterskeltilbodet til helsestasjonen sentralt. Grensesetting, søvnvanskar, ufrivillig skulefråvære, fysisk aktivitet, etevanskar og samspelsvanskar er stadig større del av jobbinnhaldet på helsestasjonen. Dette er utfordringar som krev arbeid over tid, og oftast tett samarbeid på tvers av profesjonar.

Me har stadig fleire flyktningar som kjem frå urolige område. Dei har flykta frå familiemedlemmer, tryggleik og alt dei har og folk dei kjenner. Me har plikt til å ivareta helsetenester til desse borna. Det er utfordrande arbeid å innhenta helseopplysningar og vaksineopplysningar då dei gjerne manglar dokumentasjon og treng tid for å lita på helsevesen i eit nytt land.

Det helsefremmande- og førebyggjande arbeidet på helsestasjonen er i stadig endring. Det kjem nye vaksiner til, det vert krav om utvida screening og tydelegare anbefalingar om eit sterkt

lågterskeltilbod. I Årdal har me ikkje ressursar til å vera til stades på helsestasjonen til ei kvar tid, men me tilstrebar å vera tilgjengelege for brukarane så godt det let seg gjera.

Leiande helsesjukepleiar har det siste året, og skal i dei kommande to åra, vere deltakar i ei nasjonal ressursgruppe for helsesjukepleiarar, ei referansegruppe for vaksinekommunikasjon. Formålet med gruppa er at erfarne helsesjukepleiarar frå 10 ulike kommunar i landet skal diskutera spørsmål vedrørande vaksinekommunikasjon og praktisk gjennomføring av vaksinasjon. Gruppa kan verte rådført i andre smittevernspørsmål. Det er 1-2 møter fysisk eller digitalt i året, i tillegg kontakt via telefon eller e-post i saker FHI ynskjer innspel på.

Plan for helsestasjonen inneheld oversikt over kontrollar hjå jordmor, helsesjukepleiar og helsestasjonslege. Den er meint som ein rettleiar i det daglege arbeidet for alle som jobbar ved helsestasjonen, og som hjelp ved opplæring til arbeid ved helsestasjonen. I tillegg er planen ein dokumentasjon av innhaldet i tenesta og inngår som ein del av kvalitetssikringa.

Kvalitetssikringa på helsestasjonen tek utgangspunkt i «*Nasjonal fagleg retningslinje for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom*» og «*Nasjonal fagleg retningslinje for svangerskapsomsorg*». Denne lokale planen er utarbeida av leiande helsesjukepleiar og er tilpassa Årdal kommune.

Årdal, 17.08.23

Anne Berit Lerum, Leiande helsesjukepleiar

## ORIENTERING

### ORGANISERING

I Årdal kommune rapporterer helsestasjonen til tenesteleiar med ansvar for helse. Helsestasjonen har leiande helsesjukepleiar med fag-, personal- og økonomisk ansvar for helsestasjonsdrifta. Det er 4,5 helsesjukepleiarstillingar og ei jordmorstilling. Den leiande funksjonen ligg til ei av helsesjukepleiarstillingane. Helsestasjonslegane har faste timar på helsestasjonen.

Jordmor nyttar halve stillinga til svangerskapskontrollar i Årdal. Resten av stillinga er knytt til Paviljongen barselavdeling ved Lærdal sjukehus og Helse Førde. Slik har me tilgang på følgjeteneste, barseltilbod og vikarar frå Helse Førde.

Helsesjukepleiarane har faste kontordagar på helsestasjonane og på alle skulane.

Organisasjonskart og helsestasjonen sin plass inngår i kvalitetssikringshandboka til helsestasjonen.

### MÅLGRUPPE

Plan for helsestasjon er tiltenkt svangerskapsomsorg og sped- og småbarnsomsorg. Tenesta er eit lågterskel tilbod og skal vera lett tilgjengeleg for alle brukarar i målgruppa. Det bur om lag 5200 menneske i Årdal og fødselstala ligg i snitt på 40-50 per år. Kommunen tek i mot om lag 50 flyktningar årleg.

### KVALITETSMÅL

**Gravide og familiar med born 0-5 år er ivaretekne.**

OVERORDNA MÅL FOR TENESTA:

- Fremma fysisk og psykisk helse
- Fremma gode sosiale og miljømessige tilhøve
- Førebyggja sjukdom og skade

Dette gjennomførast ved at helsestasjonen har, og utfører:

- Eit oppdatert tverrfagleg helsestasjonsprogram
- Oppdaterte prosedyrar og rutinar for oppfølging av avvik frå vedtekne kurver og normer
- Oppdaterte skjema- og brosjyre oversikt
- Oppdaterte informasjonsbrosjyrar på dei kommunale nettsidene
- System for innsynsrett og overføring av journal ved flytting
- Oppdaterte opplysningar frå folkeregister
- Tilbod om grupperettleiing
- Tilbod om gruppetreff 0-1 år
- Oversiktleg elektronisk avtalebok
- Opningstid alle kvardagar. Telefon vert overført til sentralbord når helsesjukepleiar er utilgjengeleg
- Oppdatert helsestasjonsprogram for journalføring og dokumentasjon av tenesta etter gjeldande lovverk
- Leverer tal til KOSTRA for statistikk
- Vaksinerer og registrerer vaksinerer til SYSVAK etter gjeldande regelverk

## LOVGRUNNLAG

Plan for helsestasjonen byggjer på «*Nasjonale fagleg retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelseteneste og helsestasjon for ungdom*» og «*Nasjonale fagleg retningslinje for svangerskapsomsorg*» som gir klare nasjonale føringar for tenesteområdet. Helsestasjonen vert styrt etter ei rekke lover, forskrifter, rettleiarar og rundskriv. Plan for helsestasjonen inneheld ikkje gjennomgang av lovverk. Lovverket er dokumentert i Kvalitetshandbok for helsestasjonen. Lovene som helsestasjonen jobbar ut frå er:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester (2011)
- Lov om folkehelsearbeid (2011)
- Lov om helsepersonell (2012)
- Lov om pasient- og brukerrettigheter (2012)
- Pasientjournalloven (2014)
- Lov om vern mot smittsomme sykdommer (1994)
- Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (2006)

## FORSKRIFTER

- Nasjonale fagleg retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom (2017)
- Legemiddelhandtering for verksemder og helsepersonell som yter helsehjelp (2008)
- Vaksinasjonsveilederer (Fhi, rullerande oppdatering)
- Individuell plan etter helselovgiving og sosialtenestelova (2004)
- Internkontroll i sosial- og helsetenesta (2002)
- Smittefarleg avfall frå helseteneste og dyrehelseteneste mv (2005)
- Varsling og tiltak ved alvorlege hendingar av betydning for internasjonal folkehelse (IHR-forskrift) (2007)
- Tuberkulosekontroll (2009)
- Innsamling og behandling av helseopplysningar i Nasjonalt vaksinasjonsregister (2003)
- Allmenfarlege smittsame sjukdommar (2023)

## FAGLEGE RETNINGSLINJER, VEILEDARAR M.M.

- *Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom (2017)*
- *Barselomsorgen, nytt liv og trygg barseltid for familien (IS-2057)*
- *Nasjonale faglige retningslinjer for undersøkelse av syn, hørsel og språk hos barn (IS-1235)*
- *Retningslinjer for oppfølging av for tidlig fødte barn (IS-1419)*
- *Fra bekymring til handling – en veileder om tidlig intervensjon på rusområdet (IS-1742)*
- *Nasjonale faglige retningslinjer for veiing og måling i helsestasjon og skolehelsetjenesten, ( IS 1736) 2011*
- *Nasjonale faglige retningslinjer for primærhelsetjenesten. Forebygging, utredning og behandling av overvekt og fedme hos barn og unge, IS-1734*
- *Gravide i legemiddelassistert rehabilitering (LAR) og oppfølging av familiene til barnet når skolealder (IS-1876)*

## INNHALD I PLANEN

Det vert presentert ei oversikt over faste kontrollar hjå jordmor og på helsestasjonen. Planen inneheld kvalitetsmål, delmål og rutinar for faste besøk hjå jordmor og på helsestasjonen. Det er sett opp prosedyrar for kvart besøk.

Prosedyrar ved helsestasjonen finn ein i kvalitetshandboka til helsestasjonen. ACOS- sak 20/557.

## OVERSIKT OVER TILRÅDDE KONTROLLAR HJÅ JORDMOR

Kontroll	Svangerskapsalder	Kven/ kvar
1	6-10 veker	Jordmor/ Fastlege
Ultral lyd	V 11-13+6	Tidleg ultralyd. Henvist av jordmor eller fastlege
2	13 veker	Jordmor
Ultral lyd	Ca veke 18	Fødepoliklinikk Henvist av jordmor/fastlege
3	20 veker	Jordmor (evt lege)
4	24 veker	Jordmor (evt lege)
5	28 veker	Jordmor (evt lege)
6	32 veker	Jordmor (evt lege)
7	36 veker	Jordmor (evt lege)
8	38 veker	Jordmor (evt lege)
9	40 veker	Jordmor (evt lege)
Evt	41 veker	Fødestad – overtidskontroll
6v etter fødsel	Etterkontroll for mor	Jordmor (evt fastlege)

## RUTINAR FOR KONTROLL I SVANGERSKAPET

Svangerskap alder	Ansvar	Informasjon	Undersøking
Ca 6 – 10 veker	Jordmor/ Fastlege	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking ut frå/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Anamnese</li> <li>▪ Helsesamtale kost/ søvn/ aktivitet/ jobb/vald</li> <li>▪ Tidlegare svangerskap</li> <li>▪ Informasjon om trening/ fysioterapi, styrketrening for gravide</li> </ul>	<b>Blodpr:</b> Ferritin, Hb, Rubella,, Blodtype HIV, Rhesus, syfilis evt HbA1C Frivillig: Clamydia, Toksoplasmose <b>Urin:</b> Stix, uricult <b>BT</b> <b>Henvisning tidleg UL + informasjon om tilbodet</b> <b>Vekt</b> Anamnese, psykisk/ somatisk Kartlegge obstetrisk anamnese
11-13+6 veker	Fødepoliklinikk		Tidleg ultralyd
Ca 13 veker	Jordmor (evt lege)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking ut frå/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Anamnese</li> <li>▪ Helsesamtale kost/ søvn/ aktivitet/ jobb/vald</li> <li>▪ Tidlegare svangerskap</li> <li>▪ Informasjon om trening/ fysioterapi, styrketrening for gravide</li> <li>▪ Oppfølging av blodprøvesvar</li> <li>▪ Dele ut BAM og anna skriftleg informasjon</li> <li>▪</li> </ul>	<b>BT</b> <b>Urinstix</b> <b>Vekt</b> <b>Oppfølging av bl pr</b> <b>Fosterlyd</b>
Ca 18 veker	Fødepoliklinikk		Rutineultral lyd
Ca 20	Jordmor (evt lege)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking ut frå/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Helsesamtale</li> <li>▪ Tema etter ønske/ behov</li> </ul>	<b>BT</b> <b>Urinstix</b> <b>Vekt</b> <b>Fosterlyd</b>

Ca 24	Jordmor (evt lege)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking ut frå/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Helsesamtale</li> <li>▪ Tema etter ønske/ behov</li> <li>▪ Spørjeskjema EPDS, samtale kjensler</li> </ul>	<b>BT + OGTT på indikasjon</b> <b>Føtal Rhesus på indikasjon</b> <b>Urinstix</b> <b>SF- mål</b> <b>Vekt</b> <b>Fosterlyd</b> <b>EPDS</b>
Ca 28	Jordmor (evt lege)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking ut frå/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Helsesamtale</li> <li>▪ Tema etter ønske/ behov</li> <li>▪ Samtale om amming</li> <li>▪ Informasjon om digital informasjon/ brosjyrer</li> </ul>	<b>BT</b> <b>Urinstix</b> <b>SF- mål</b> <b>Vekt</b> <b>Fosterlyd</b> <b>Ktr Hb og Ferritin</b>
Ca 32	Jordmor (evt lege)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking ut frå/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Helsesamtale</li> <li>▪ Tema etter ønske/ behov</li> <li>▪ Fødesamtale</li> </ul>	<b>BT</b> <b>Urinstix</b> <b>SF- mål</b> <b>Vekt</b> <b>Fosterlyd</b>
Ca 36	Jordmor (evt lege)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Helsesamtale</li> <li>▪ Tema etter ønske/ behov</li> </ul>	<b>BT</b> <b>Urinstix</b> <b>SF- mål</b> <b>Vekt</b> <b>Fosterlyd</b>
Ca 38	Jordmor (evt lege)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Helsesamtale</li> <li>▪ Tema etter ønske/ behov</li> <li>▪ Fylle ut risikoskjema og tilvise vidare oppfølging</li> </ul>	<b>BT</b> <b>Urinstix</b> <b>SF- mål</b> <b>Vekt</b> <b>Fosterlyd</b>
Ca 40	Jordmor (evt lege)	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Undersøking ut frå/ utfylling av Helsekort</li> <li>▪ Helsesamtale</li> <li>▪ Tema etter ønske/ behov</li> </ul>	<b>BT</b> <b>Urinstix</b> <b>SF- mål</b> <b>Vekt</b> <b>Fosterlyd</b>
Evt 41	Fødepoliklinikk		
Ca 6 v etter fødsel	Jordmor/ Fastlege	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Generell helse</li> <li>• Psykisk helse</li> <li>• Blødning/ utflod</li> <li>• Rifter/ sting</li> <li>• Prevensjon; Minipiller el spiral</li> </ul>	<b>GU ved behov</b> <b>BT</b> <b>Evt Hb på indikasjon</b>

## OVERSIKT OVER FASTE KONTROLLAR PÅ HELSESTASJONEN

Alder	Avvikla innan	Vaksine	Helse spl	Lege	Merknad
Heimebesøk	7-10 d etter fødsel		X		Dersom mor er kronikar med Hep B skal barnet ha dose 2 av Hep B vaksine ved 4 v alder.
4 v	5v		x		Tema Vald «I trygge hender», Rus «AUDIT»
6 v	8v	Rotarix pr os BCG på indikasjon	X	X	EPDS us depresjon mor
3 mnd	-1/ +2 v	Rotarix pr os, Hexyon V lår, Prevenar 13 H lår	X		
4 mnd	-1/ +2 v		X		Motorisk us v barnefysio
5 mnd	-1/ +2 v	Hexyon H lår, Prevenar 13 V lår	X		
6 mnd	-1/ +2 v		X	X	
8 mnd	-1/+1 mnd		X		
10 mnd	-1/ +1 mnd		X		
12 mnd	-1/ +1 mnd	Hexyon V lår, Prevenar 13 H lår	X	X	
15 mnd	+1 mnd	MMR	X		
18 mnd	+1 mnd		X		
2 år	+3 mnd		X	X	
4 år	+3 mnd		X		

Då pandemien kom så måtte me kutta ut barseltreff. Me var klare for å setja i verk ein ny type treff der alle med born 0-1 år var velkomne. Helsestasjonen er i gang att med om lag 3 treff det fyrste leveåret til barnet.

Me håpar å komma i gang med 5 barseltreff i halvåret, med same innhald på treff både på vår og haust. Det er plan om treff med fokus på:

- Fødsel, tilknytning, utvikling under trygge rammer m/ jordmor
- Motorisk utvikling, fysisk aktivitet m/ barnefysioterapeut
- Tannhelse, kost m/ tannpleiar
- Vald i nære relasjonar, påverknad av barn som lever med fysisk/ psykisk vald direkte/ indirekte
- Språk m/ biblioteket

## FASTE BROSJYRER/ INFORMASJON TIL UTDELING PÅ HELSESTASJON

All informasjon ligg no tilgjengeleg på kommunen sine nettsider, ikkje alle brosjyrar er lenger tilgjengelege på papir

Alder	Brosjyre/ materiell
Hjå jordmor eller lege	Mat for spedbarn, BAM Gravid, Informasjonsbrosjyre om kontrollar i svangerskapet, Informasjon om utvida tilbod om fødselsscreening, Den beste starten – alkoholfritt svangerskap
Heimebesøk	Krybbedød, Vaksiner, Honning, Innsynsrett/ flytting av journal, Røykfrie innemiljø, Candida, skriv frå Paviljongen om amming/ avføring i starten, D-vitamin, Helsekort, Timekort, BAM spedbarn, Sikring i bil, Motorikk (Fysioterapi), brosjyre om Psykisk helse (EPDS), brannsikring, amnehjelpen, Brosjyre om vald/ overgrep frå Stine Sofies stiftelse, Informasjon om AUDIT
3 månader	Motorisk undersøking hjå fysioterapeut- skjema for underskrift
4 månader	Mat for spedbarn
6 månader	Informasjon om vatn som tørstedrikk, Pass og puss frå 1.tann
8 mnd	Plakat frå giftinformasjon, Fyrstehjelpshefte
10 mnd	Alle barn får øyrebetennelse
1 år	Hefte om språkstimulering
2 år	Brosjyre om vald og overgrep frå NOK
4 år	Teiknehefte om sunne matval

## RETTLEIAR FOR HELSESTASJONSPROGRAMMET FOR BORN 0-6 ÅR

Alder/ kontakt	Ansvarleg	Foreldrerettleiing/ Helseopplysning/ dokumentasjon	Helseundersøking A = anamnese	Vaksinasjon
<b>7-14 dagar heimebesøk</b>	Helsesjukepleiar  Jordmor på tidleg heimebesøk dersom mogeleg/ behov	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Tema som foreldre ynskjer å ta opp</li> <li>▪ Informasjon om helsestasjonen sitt tilbod</li> <li>▪ Barnets trivsel og vektauke</li> <li>▪ Samtale om vald, brosjyre</li> <li>▪ Amming, anna ernæring, vitamin D (frå 1 veke) ingen vit D ved mme</li> <li>▪ Info om brystbetennelse/ Candida, ammehjelpen</li> <li>▪ Samspel</li> <li>▪ Fødselsoppleving, foreldrerolle, familie og sosialt nettverk</li> <li>▪ Mor si fysiske og psykiske helse, brosjyre EPDS</li> <li>▪ Barnestell og utstyr – brosjyre om sikkerheit delast ut</li> <li>▪ Inneklima, røyking, rusmidlar, krybbedød, brosjyrer delast ut</li> <li>▪ Etterkontroll, prevensjon</li> <li>▪ Informasjon om vaksiner/ vaksinasjonsprogram</li> <li>▪ Informasjon om styrke, mageleie</li> <li>▪ Informasjon om innsynsrett, flytting, SYSVAK</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> <li>▪ Informasjon/ samtale om rus og om AUDIT</li> </ul>	<p>Gjennomgang av familieanamnese, svangerskap og fødsel</p> <p>Gjennomgang av helsekort og fødselsmelding, påfør funn som gir grunnlag for oppfølging.</p> <p>Informere om helsestasjon</p> <p><b>Hud:</b> Icterus, inspeskjon av navle og A ift fam sjukdom og atopi  <b>Hals:</b> Torticollis  <b>Kontakt:</b> temperament og initiativ til kontakt  <b>Rørsle:</b> Symetri? Hyper-/hypoton?,  <b>Syn:</b> blikkontakt  <b>Høyrse:</b> OAE?  <b>Vekt/ HO:</b> rutinemessig vektmåling og måling av hovudomkrets                      Lege: på indikasjon</p>	Sjekke om mor er bærer av Hep B, då skal barnet ha dose 2 med Hep B vaksine ved 4 vekers alder.
<b>4 veke</b>	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Sjå film om utvikling/ vald «I trygge hender», Spørjeskjema om rus «AUDIT»</li> </ul>	Evt vekt	
<b>6 veke</b> Individuell konsultasjon	Lege og Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Amming, anna ernæring, vitaminer</li> <li>▪ Mor si fysiske og psykiske helse, utfylling av EPDS</li> <li>▪ Samspel</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Barnestell, ulykker/ skader</li> <li>▪ Vaksineinformasjon/ førebuing</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<p><b>Syn:</b> blikkontakt, rød refleks  <b>Høyrse:</b> A, hørselsreaksjon  <b>Hals:</b> Torticollis  <b>Hjerte:</b> auskultasjon, cyanose, A  <b>Lunger:</b> tachypne, inspeksjon/ A  <b>Kjønnsorgan hos gutar:</b> testisdecsens  <b>Hovud:</b> hovudform, palpasjon av fontanelle, hovudomkrets  <b>Munnundersøking</b>  <b>Hofter/ extremitetar:</b> abduksjonstest i hofter, deformitet, rørsle i armar/ bein, symetri  <b>Utvikling og kontaktevne:</b> sosial funksjon/ kontakt, fin/ grovmotorikk  <b>Lengde/ vekt:</b> rutinemessig måling av vekt (og lengde)</p>	<b>ROT</b> (Rotavirus) Evt <b>BCG</b>

<b>3 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Amming, anna ernæring, vitaminer</li> <li>▪ Språk, kommunikasjon</li> <li>▪ Samspel, tilknytning</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Ulykker, skader, inneklima, røyking, rusmidlar</li> <li>▪ Vanlege infeksjonar, vaksiner</li> <li>▪ Informasjon om 4 mnd us hjå fysioterapeut, skjema</li> </ul>	<p><b>Syn:</b> Følger gjenstandar</p> <p><b>Høyrsel:</b> Reaksjon? A</p> <p><b>Hofter/ bein:</b> abduksjonstest, fotstilling</p> <p><b>Hovud:</b> Omkrets, styrke nakke</p> <p><b>Utvikling:</b> sosial funksjon/kontakt, fin/ grovmotorikk</p> <p><b>Lengde/ Vekt:</b> rutinemessig måling av vekt og lengde</p> <p>Lege: på indikasjon</p>	<p><b>DTP</b> (difteri, tetenus, kikhoste)</p> <p><b>Hib</b> (haemophilus influenzae)</p> <p><b>IPV</b> (Poliomyelitt)</p> <p><b>PKV</b> (pneumokokk konjugat)</p> <p><b>Hep B</b></p> <p><b>ROT</b> (Rotavirus)</p>
<b>4 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Amming, anna ernæring, informasjon om introduksjon til fast føde, "mat for spedbarn"</li> <li>▪ Samspel</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Språk, kommunikasjon</li> <li>▪ Reaksjon på vaksine?</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde og hovudomkrets</p> <p><b>Motorisk us:</b> etter retningslinjer, gripetak, midtlinje, mageleie, rulle</p> <p>Lege: på indikasjon</p>	
<b>5 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Amming, ernæring, introduksjon til fast føde</li> <li>▪ Samspel, tilknytning</li> <li>▪ Tannhelse, gode vanar, brosjyre</li> <li>▪ Språk</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Vaksineinformasjon</li> <li>▪ Sosialt nettverk</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde og hovudomkrets</p> <p><b>Utvikling:</b> sosial funksjon/kontakt, fin/ grovmotorikk, interesse for rørsle</p> <p>Lege: på indikasjon</p>	<p><b>DTP</b> (difteri, tetenus, kikhoste)</p> <p><b>Hib</b> (haemophilus influenzae)</p> <p><b>IPV</b> (Poliomyelitt)</p> <p><b>PKV</b> (pneumokokk konjugat)</p> <p><b>Hep B</b></p>
<b>6 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar og lege	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Amming, kosthold</li> <li>▪ Vatn som tørstedrikk, vasskopp</li> <li>▪ Språk, leik</li> <li>▪ Familiefunksjon</li> <li>▪ Barneulykker, skadar, brosjyre</li> <li>▪ Samspel, tilknytning</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<p><b>Syn:</b> A, Intrykk av syn, strabisme</p> <p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde og hovudomkrets</p> <p><b>Hørsel:</b> A, inntrykk av at barnet høyrer, skvett, snur seg etter lyd</p> <p><b>Hjerte:</b> A, askultasjon</p> <p><b>Munnundersøking</b></p> <p><b>Hofter:</b> abduksjonstest</p> <p><b>Utvikling:</b> sosial funksjon/kontakt, fin/ grovmotorikk, interesse for rørsle</p> <p><b>Kjønnsorgan hos gutar:</b> testisdescens</p>	
<b>8 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Amming</li> <li>▪ Kosthald</li> <li>▪ Tenner, tannpuss, fluor</li> <li>▪ Tilknytning, lausriving</li> <li>▪ Samspel, tilknytning</li> <li>▪ Språk</li> <li>▪ Ulykker</li> <li>▪ Nettverk, familie</li> <li>▪ Førebuing til arbeid?</li> <li>▪ Førstehjelp, giftinformasjon</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<p><b>Syn:</b> A, Intrykk av syn, strabisme</p> <p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde og hovudomkrets</p> <p><b>Hørsel:</b> A, inntrykk av at barnet høyrer, skvett, snur seg etter lyd</p> <p><b>Utvikling:</b> sosial funksjon/kontakt, fin/ grovmotorikk, interesse for rørsle</p> <p>Lege: på indikasjon</p>	
<b>10 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Amming, evt avvenning, kosthald</li> <li>▪ Tilknytning, lausriving</li> <li>▪ Empatiutvikling</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Språk</li> </ul>	<p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde og hovudomkrets</p> <p><b>Utvikling:</b> sosial funksjon/kontakt, fin/ grovmotorikk, pinsettgrep, reiser seg, sit, akar seg, vinkar, klappar</p>	

		<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Interesse for rørsle</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk Journal</li> </ul>	Lege: på indikasjon	
<b>12 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar og lege	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ernæring, matlyst</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Språk</li> <li>▪ Ulykker, skadar</li> <li>▪ Sjølvstende</li> <li>▪ Sjukdommar</li> <li>▪ Tannstell</li> <li>▪ Vaksineinformasjon</li> <li>▪ Samspel, reaksjon på rusmidlar hjå vaksne</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde og hovudomkrets</p> <p><b>Utvikling:</b> sosial utvikling, kontaktevne, fin/ grovmotorikk, reiser seg, si?, akar seg?, krabbar, går, klatrar</p> <p><b>Munnundersøking</b></p> <p><b>Kjønnsorgan hos gutar:</b> testisdecsens</p> <p><b>Syn:</b> Intrykk av syn, sjeling, A</p> <p><b>Høyrse:</b> innrykk av barnet, snur det seg etter låge lydar/ ulike frekvensar?</p> <p><b>Hjerte:</b> A, askultasjon</p> <p><b>Lunger:</b> A, Obstruktive episodar?</p> <p><b>Hofter:</b> abduksjonstest</p>	<p><b>DTP</b> (difteri, tetenus, kikhoste)</p> <p><b>Hib</b> (haemophilus influenzae)</p> <p><b>IPV</b> (Poliomyelitt)</p> <p><b>Hep B</b></p> <p><b>PKV</b> (pneumokokk konjugat)</p>
<b>15 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kosthald</li> <li>▪ Tannstell</li> <li>▪ Leik/ aktivitet</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Språk, forståing</li> <li>▪ Barneoppdraging</li> <li>▪ Sjølvkjensle</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde</p> <p><b>Syn:</b> Intrykk av syn, sjeling, A</p> <p><b>Høyrse:</b> innrykk av barnet, snur det seg etter låge lydar, ulike frekvensar?</p> <p><b>Hovud:</b> Hovudmål på indikasjon</p> <p><b>Motorikk:</b>Kjem seg fram v krabbing/ gange</p> <p>Lege: på indikasjon</p>	<p><b>MMR</b> (meslingar, kusma, raude hundar)</p>
<b>18 måneder</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kosthold</li> <li>▪ Tannstell</li> <li>▪ Grensesetting</li> <li>▪ Leik/ aktivitet</li> <li>▪ Sjølvoppfatning/ sjølvstende</li> <li>▪ Språk, smokk</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde</p> <p><b>Hovud:</b> Hovudmål på indikasjon</p> <p><b>Motorikk:</b> går, teikne, bygge, leike, klatre, klappe, vinke</p> <p><b>Hud:</b> utslett, plager, eksem</p> <p><b>Oppfølging/ Tilvising:</b> Sjeling, tvil om syn/ høyrse, bekymring for barnet, manglande pinsettgrep, barnet reiser seg ikkje, barnet har ingen enkeltord</p>	
<b>2 år</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar og lege	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kost, etevanar, tannhelse</li> <li>▪ Språk, SATS, ny ktr etter 6 mnd dersom ikkje 40 ord</li> <li>▪ Søkensjalusi</li> <li>▪ Aktivitet, leik</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Bleier/ potte/ WC</li> <li>▪ Smokk, avvenning</li> <li>▪ Skader, ulykker, brosjyre</li> <li>▪ Observere kropp, snakke med foreldre om konsekvensar ved vald/ overgrep</li> <li>▪ TV og video</li> <li>▪ Sosialt nettverk</li> </ul>	<p><b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde</p> <p><b>Hovud:</b> Hovudmål på indikasjon</p> <p><b>Motorikk:</b> går, bøygger/ rettar seg med god balanse, teikne, bygge, leike, klatre, klappe, vinke, trappegang</p> <p><b>Hud:</b> utslett, plager, eksem, merker</p> <p><b>Munnundersøking</b></p> <p><b>Syn:</b> Intrykk av syn, sjeling, A</p> <p><b>Høyrse:</b> innrykk av barnet, snur det seg etter låge lydar</p> <p><b>Tenner:</b> Inspeksjon, A</p>	

		<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Samspel med andre</li> <li>▪ Psykisk helse</li> </ul> Dokumentasjon i elektronisk journal 2,5 og/ eller 3 års kontroll på indikasjon	<b>Kjønnsorgan hos gutar:</b> testisdecsens <b>Hofter/ bein:</b> Går utan å halte, smerter <b>Lunger:</b> A, Obstruktive episodar?, røykevanar føresette?	
<b>4 år</b> Individuell konsultasjon	Helsesjukepleiar	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kosthald, etevanar, tannhelse</li> <li>▪ Utvikling/ aktivitet</li> <li>▪ Sjølvstende, påkledning, toalett</li> <li>▪ Søvn</li> <li>▪ Snakke med barnet om å eige kroppen sin, ingen har lov å slå eller ta på deira kropp utan at barnet vil</li> <li>▪ Språk, Språk 4, samarbeid med bhg/ PPT ved sein utvikling</li> <li>▪ Læring, meistring</li> <li>▪ Sosialt nettverk</li> <li>▪ Samspel med foreldre/ andre</li> <li>▪ Kjensler</li> <li>▪ Aktivitet, symetri</li> <li>▪ Dokumentasjon i elektronisk journal</li> </ul>	<b>Lengde, vekst:</b> måling av vekt, lengde <b>Syn:</b> synstest, Lea, Isihara, TNO, nedsett meir enn 6/9 - tilvis <b>Høyrse:</b> Høyrsestest, 500, 1000, 3000, 6000 Hz, 25 dB, nedsett høyrse-tilvis Motorikk: stå på eit bein, hinke, hoppe, kaste/ ta i mot ball, rulle, aktiv?, blyantgrep, <b>Lege:</b> på indikasjon eller ynskje frå foreldre	

## BARSELGRUPPER

I Årdal kommune vil alle få tilbod om enkeltkonsultasjonar ved alle kontrollar. Dette med årsak i vanskar med å samle ei gruppe på dei ulike aldrane der det er anbefalt gruppekonsultasjon. Det vert i tillegg 3-5 barselgrupper der me har ulike tema. Jordmor, barnefysioterapeut og tannpleiar deltek på einskilde barseltreff. Barseltreffa er eit viktig tiltak for å knyte nettverk, utveksle erfaringar og kome saman sosialt for nybakte foreldre.

**Ved avvik, jf. «Nasjonal fagleg retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom», må barnet henvisast vidare.**

**Dersom foreldre viser teikn på manglande evne til omsorg må dette takast opp med foreldre og det må henvisast til rett instans; lege, psykolog, barnevern eller andre. Barnet må ivaretakast.**

**4 mnd** Motorisk undersøking hjå fysioterapeut

**3 år** Innkalling til tannpleiar frå tannhelsetenesta

**Premature** Eige oppfølgingsprogram ASQ frå BUP ut frå prematuritet

## HOVUDMÅL VED HELSESTASJONSBESØK

KONTROLL	HOVUDMÅL
Heimebesøk	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det er knytt kontakt med familien</li> <li>▪ Foreldre kjenner til helsestasjonen og oppfølging</li> <li>▪ Barnet er observert</li> <li>▪ Dannar grunnlag for vidare oppfølging</li> </ul>
4v	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Førebygge vald i nære relasjonar rundt filmen «I trygge hender»</li> <li>▪ Kartlegge/ bevisstgjere bruk av rus ved hjelp av AUDIT</li> </ul>
6v	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kontakt med foreldre er etablert</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp, også av lege</li> <li>▪ Barnet er vaksinert med Oral vaksine, evt ic BCG vaksine og im Hep B vaksine</li> <li>▪ Mor sin psykiske tilstand vert kartlagt ved hjelp av EPDS</li> </ul>
3 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp</li> <li>▪ Barnet er vaksinert med intramuskulære og oral vaksine</li> </ul>
4 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp</li> </ul>
5 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp</li> <li>▪ Barnet er vaksinert med intramuskulære vaksiner</li> </ul>
6 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp, også av lege</li> <li>▪ Lege og helsesjukepleiar får eit heilheitsinntrykk av barnet og samspel med foreldra</li> </ul>
8 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp</li> </ul>
10 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp</li> </ul>
12 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Lege og helsesjukepleiar får eit heilheitsinntrykk av barnet og samspel med foreldra</li> <li>▪ Familien sitt behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp, også av lege</li> <li>▪ Barnet er vaksinert med intramuskulære vaksiner</li> </ul>
15 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp</li> <li>▪ Barnet er vaksinert med subcutan vaksine</li> </ul>
18 mnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp</li> </ul>
2 år	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Lege og helsesjukepleiar får eit heilheitsinntrykk av barnet og samspel med foreldra</li> <li>▪ Foreldra sitt behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp, også av lege</li> </ul>
4 år	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Helsesjukepleiar får eit heilheitsinntrykk av barnet og samspel med foreldra</li> <li>▪ Barnet sin vekst, trivnad og utvikling er observert, registrert og vert følgt opp</li> <li>▪ Foreldra sitt behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> </ul>
Barseltreff	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Foreldre knytter nettverk</li> <li>▪ Foreldre får informasjon om aktuelle tema</li> <li>▪ Foreldre sine behov for rettleiing og støtte er ivareteke</li> </ul>

## DELMÅL VED ALLE KONTROLLAR PÅ HELSESTASJONEN

- ✚ Foreldre er trygge på barnet sine evner til kontakt, og viser samspel med barnet
- ✚ Kvaliteten på samspelet mellom barnet og foreldre er styrka. Sanseutvikling er registrert
- ✚ Barnet sin motoriske og somatiske utvikling tilsvarande alder er kartlagt
- ✚ Foreldre er trygge på barnet sitt behov for ernæring
- ✚ Foreldre er trygge på barnet sitt behov for munn- og tannstell
- ✚ Foreldre kan tolke barnet sitt behov for aktivitet, søvn og kvile
- ✚ Foreldre er bevisste på bruk av rusmidlar
- ✚ Helsestasjonen fokuserer og støttar opp om foreldrerolla og identifiserer familiar med ekstra behov for oppfølging
- ✚ Helsestasjonen informerer/ samtalar om førebygging av vald, ulykker, skader og observerer om barnet kan vere utsett for vald eller omsorgssvikt
- ✚ Vaksinasjon vert gjennomført etter nasjonalt vaksineprogram med samtykke frå foreldre
- ✚ Foreldre deltek i grupper på helsestasjonen for å danne nettverk og gjere seg nytte av andre foreldre sine erfaringar, kompetanse og kunnskap

## TVERRFAGELEG SAMARBEID

### TIDLEG INTERVENSJON VED RUS, GRAVIDE

Ved utfordringar for den gravide i høve rus vert det danna team av jordmor, helsesjukepleiar, lege, NAV, barnevern og andre aktuelle partar.

### BARN OG UNGE I FOKUS

Det tverrfaglege samarbeidet for barn og unge er nedfelt i arbeidsdokumentet "Barn og unge i fokus". Dette ligg tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Ein føresetnad for samarbeid er samtykke frå foreldre. Den som sit med ei bekymringssak har ansvar for å innhenta samtykke frå foreldre til å samarbeida med andre instansar.

### TVERRFAGELEGE MØTER I BARNEHAGEN

Ein gong kvart halvår kallar barnehagen inn til tverrfagleg samarbeidsmøte. Møtet vert halde i barnehagen. Helsestasjon, 2-3 frå barnehagen, PPT, barnevern og psykisk helsevern er deltakarar. På desse møta kan ein drøfte generelle saker, case, anonyme saker, utveksle generell informasjon eller drøfte særlege utfordringar. Foreldre skal samtykke dersom ein skal handsame enkeltsaker. Det eine av desse møta har nokre år vorte samanslått til eit felles temamøte med alle barnehagar og samarbeidande instansar.

### SAMARBEIDSMØTER MED BUP, PPT , PSYKISK HELSEVERN OG BARNEVERN

Om lag to gonger kvart halvår har BUP, psykisk helsevern, helsestasjon og PPT felles møter i PPT sine lokale. Den enkelte instans kan ta opp enkeltsaker eller generelle utfordringar. Saker kan drøftast anonymt eller den instans som presenterer saka har innhenta samtykke frå foreldre til å drøfte saka.

### BTI

Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) er eit nasjonalt satsingsområde. Årdal kommune vil ha meir målretta samarbeid på tvers av tenester. Det er utarbeidd felles retningslinjer med bekymringsskala og mål om å løysa utfordringar for barn og familiar på eit lågast mogeleg nivå. Det vert jobba med stafettholdar (kven har saka), stafettlogg (elektronisk journalsystem der også foreldre har innsikt) og nettverksmøter. Helsestasjonen er med i pådrivargruppa for BTI.

## LEGE

Helsestasjonslege/ skulelege har faste tider på helsestasjonen. Helsesjukepleiar og lege samarbeider om screeningkontrollar ved 6veker, 6 månader, 1 år og 2 år. Barn og unge får time hjå helsestasjonslege på indikasjon. Legane kan ta del i fagmøte kvar 4.veke. Samarbeidsmøte 1-2 gonger årleg.

## TANNHELSE

Det er faste møter mellom helsesjukepleiar og tannpleiar årleg. Tannpleiar er med på barseltreff og foreldremøte i 4. og 8. klasse. Tannpleiar/ tannhelsetenesta kan kontaktast ved bekymring/ undring over tann/ munn skadar og uhell.

## FYSIOTERAPI

Barnefysioterapeut og helsesjukepleiar held til i same kontorfellesskap og samarbeider tett om den motoriske utviklinga til barn. Barnefysioterapeut har 60% stilling retta mot barn og unge. Barnefysioterapeuten har 4 mnd undersøking av alle barn. Fysioterapeut er med på barseltreff om motorisk utvikling og fysisk aktivitet.